

## Kjære føresette ved i Vinjeskulane – Info om spørjeundersøking

Som de veit hadde me ei runde førre skuleår med spørjeundersøking og politisk handsaming av spørsmålet om me skal halde fram med fri på torsdagar for barneskulen, eller om me skal endre på dette. Det kom fram at bestillinga frå kommunestyret ikkje blei svart ut godt nok i fyrste omgang. Kommunestyret ville at administrasjonen skulle sjå på heile barnetrinnet og ikkje berre mellomtrinnet. I tillegg var det nokre foreldre som sa dei ikkje forstod spørsmåla og meinte utgangspunktet for problemstillinga var feil. Dette har me teke konsekvensane av.

Administrasjonen, skulesjefane og FAU-leiarane har i haust gått gjennom moglege scenario og kome fram til semje om eit alternativ til dagens skuledagorganisering. Reint fagleg sett er det ikkje mogleg å finne ein fasit på om det er best å gå fire eller fem dagar i veka for dei yngste elevane. Her sprikar forskinga. Det er mange omsyn å ta og mange ulike føresetnader som gjer at ein ikkje kan finne ein fasit. Ved ei eventuell **ny organisering**, legg me nokre timar frå småskulen til mellomtrinnet. Då får 1.- 4. klasse fri kvar torsdag, medan 5.- 7. klasse går på skulen kvar dag.

Dagens og ny skuledagorganisering ser de av den skjematisk framstillinga som er lagt ved. No ynskjer me å finne ut korleis foreldre og tilsette stiller seg til gamal og ny organisering. Klikk på det alternativet du er mest einig i. Du kan endre svaret til du trykker på send-knappen. Oppsummeringa av desse svara skal politikarane ta med i avgjersla om framtidig organisering av skulekvardagen.

### Spørsmål: **NB! Dette er informasjonsskriv og ikkje sjølve undersøkinga**

Eg ynskjer å halde på **dagens organisering** av skuledagane

*eller*

Eg ynskjer **ny organisering** av skuledagane

### Forklaring modell nr 1 : **Dagens organisering**

Klasse	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Totalt
1.	6 timar	6 timar	6 timar	Fri	6 timar	24 timar
2.	6 timar	6 timar	6 timar	Fri	6 timar	24 timar
3.	6 timar	6 timar	6 timar	3 timar *	6 timar	27 timar
4.	6 timar	6 timar	6 timar	3 timar *	6 timar	27 timar
5.	6 timar	6 timar	6 timar	3 timar *	6 timar	27 timar
6.	6 timar	6 timar	6 timar	3 timar *	6 timar	27 timar
7.	6 timar	6 timar	6 timar	4 timar * <sup>2</sup>	6 timar	28 timar
8.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	31 timar* <sup>3</sup>
9.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	31 timar
10.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	31 timar
<b>Totalt</b>						<b>277 timar</b>

\* = 6 timar annankvar veke \*<sup>2</sup> = 6 timar annankvar veke og 6 ekstra dagar á 6 timar

\*<sup>3</sup> = 31 timar på ungdomstrinnet er lovpålagt og blir løyst med litt kortare matfriminutt (25 min) tre dagar i veka. NB! Øyfjell har berre halv dag for mellomtrinnet på torsdagar. Dette er fordi dei ikkje har ungdomstrinn og såleis etter lova kan ha skyss midt på dagen og ikkje treng skyss nummer to for ungdomsskulelevar som har fleire veketimar. Dette er ikkje mogleg for dei andre tre skulane, fordi fylkeskommunen ikkje dekkjer meir enn éin skyss kvar veg.

Forklaring modell nr 2 : Ny organisering med 4 skuledagar på småskule og 5 på mellomtrinn

Klasse	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Totalt
1.	6 timar	6 timar	6 timar	Fri	6 timar	24 timar
2.	6 timar	6 timar	6 timar	Fri	6 timar	24 timar
3.	6 timar	6 timar	6 timar	Fri	6 timar	24 timar
4.	6 timar	6 timar	6 timar	Fri	6 timar	24 timar
5.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	30 timar
6.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	30 timar
7.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	30 timar
8.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	31 timar
9.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	31 timar
10.	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	6 timar	31 timar
<b>Totalt</b>						<b>279 timar</b>

Endring frå modell 1 til modell 2 vil skjematisk sett gje ein totalauke på 2 undervisningstimar per veke for elevane i løpet av barneskuleåra. For dei fire skulane vil dette til saman utgjere 8 veketimar.